

STATENS KARTVERK /  
OSTERØY KOMMUNE  
5282 LONEVÅG

### **SØKNAD OM NAMN /ADRESSEENDRING**

*Innbyggjarane på garden Rødland 5286 Haus, søker med dette om å endra det offisielle namnet til Rolland.*

#### **Grunngjeving for dette:**

**A.** Gardsnamnet Rolland har vore nytta på bygda i mange år, truleg meir enn 100 år. Personar fødde tidleg på 1900-talet nytta dette namnet både på bygda og som slektsnamn. På 1950-talet skreiv Lars Ådna ei bygdebok der han nytta namnet Rødland på innbyggjarane med dette namnet. Dette er feil når ein ser på dåpsattestar til personar fødde tidleg på 1900-talet. Dei er då døypt med slektsnamnet Rolland.

Personleg kjenner eg ikkje til nokon med etternamnet Rødland som stammar frå bygda vår.

**B.** Det har i mi tid berre vore nytta Rolland frå offentlige kontor, busselskap posten, BIR o.s.v. Og ingen private på Osterøy kjenner til namnet Rødland.

**C.** 10 - 15 minuttars kjøretur frå Rolland inn mot Bergen er det vegskilt på hovudvegen som syner vegen til gardane Rødland ( i Arna ) Desse gardane har postadresse med nr. 5268. Rolland som ligg på Osterøy har postnr. 5286.

Dette gjer at det vert misstydingar med posten og pakker, som me fleire gonger har køyrt til Haukeland for å henta.

**D.** Å innføra eit nytt gardsnamn der bokstaven Ø er nytta er også uheldigt, då ein del pc-maskiner og skrivarar ikkje taklar denne bokstaven. Og namnet vert endå lettare å misforstå.

*Ber derfor at adressenamna i bygda vert endra til Rollandshaugen og Rollandsflaten.  
Og at bygda skal ha namnet Rolland, og fjellet bak skal heita Rollandsfjellet slik det alltid har gjort.*

Rolland 21.11. 2022

for innbyggjarane på Rolland

Jan Kåre Rolland

